

**Repsak 08-22**

**Referatsaker**

Tilråding til vedtak

Styret tar referatsakene til orientering

Disse referatsakene vart lagt fram på møtet:

Etablering av reparasjons -og gjenbrukssentral. Brev 10.02.22 til Ørsta og Volda Kommune.  
Renovasjonsavgifta gjelder også for utleigehytter, jfr.lagmannsretten 15.02.2022  
EU sin mobilitetspakke- konsekvensar. Brev frå Geminor av 18.02.2022 og mail av 11.03.22.  
Invitasjon til medverknad til fylkesstrategi for miljø, klima og energi.  
Styrehandsaming av saker vedkomande nytt slagord for VØR- særutskrift frå  
styrehandsaming 29 mars 2022



Petter Bjørdal  
Dagleg leiar

Volda og Ørsta Reinholdsværk IKS  
Torvmyrane 29

6160 Hovdebygda



Volda Kommune  
[postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no)

Ørsta Kommune  
[postmottak@orsta.kommune.no](mailto:postmottak@orsta.kommune.no)

Vår ref: PB

Dykkar ref: 21/5364 22/1904

Hovdebygda 10.02.2022.

### **Etablering av reparasjons – og gjenbrukssentral i Volda og Ørsta.**

Styret i VØR handsama denne saka i møte den 08.02.2022, og gjorde slikt samrøystes vedtak i sak 12-22:

*Styret ber dagleg leiar skrive brev til Volda Kommune, og Ørsta Kommune, der det vert gjort greie for kva føresetnader som må på plass, for at reparasjon og gjenbrukssentral kan etablerast i regi av VØR.*

Det er representantskapet i VØR som vedtek mål og retningsliner for VØR. Dersom eigarane, kommunestyra, vil direkteengasjere seg i VØR saker, har ein fullt høve til det jfr. Lov om interkommunale selskap og vedtekter for VØR. Gjeld det tiltak som skal finansierast, er det tre vilkår som må vere på plass.

#### **1. Vedtektene.**

Vedtektene til VØR må følgjast, slik dei er vedtekne i kommunestyra jfr. § 4. Sitat:

##### **§ 4: Formål:**

*Selskapet har til formål:*

- 1. Å eige, bygge og drive behandlingsanlegg for avfall og slam, herunder transport av avfall og slam til forbrenning/deponering.*
- 2. Å drive med innsamling, sortering og transport av avfall og slam. Selskapet har høve til å konkurrere om innsamling og mottak av næringsavfall.*
- 3. Å anlegge og drive fyllplass for grovavfall og eventuelt restavfall frå behandlingsanlegg.*
- 4. Å administrere mottak og vidaresending av spesialavfall.*
- 5. Å bygge og drive distribusjonsnett for varmt vatn for sal, dersom det kan betre driftsresultatet.*

*Selskapet kan også ta på seg andre oppgåver, som deltakarkommunane vert samde om.*

*Selskapet kan inngå samarbeidsavtalar med kommunar, andre selskap og verksemdar. Selskapet kan delta på eigarsida i andre selskap, når dette ligg innafor dei rammer kommunelova/forskrifter gjev for kommunen si deltaking i selskap/forretningsdrift.*

Sitat slutt:

Slik det går fram av § 4. 1. ledd. Punkta 1-5 er ikkje drift av reparasjonsverkstad omfatta av det VØR kan delta i. Skal VØR vere med på eit slikt tiltak, må det evtnt. heimlast under § 4. 2. ledd, sitat:

*Selskapet kan også ta på seg andre oppgåver, som deltakarkommunane vert samde om.*

Sitat slutt.

*Oppsummert vilkår 1.*

Her er det begge eigarkommunane gjort likelydande realitetsvedtak i tilknytning til kommunebudsjettet for 2022. Vedtaket forpliktar representantskapet.

## **2.Forskriftene.**

VØR sine aktivitetar er finansierte via renovasjonsgebyr. Heimelen for å krevje inn gebyr er forureiningslova og lokale renovasjonsforskrifter.

I renovasjonsforskriftene er mål og virkeområdet definert slik, sitat:

### *§ 1.Mål for avfallssektoren*

*Forskrifta har som mål å arbeide for **at avfall som oppstår** vert handsama på ein trygg, kostnadseffektiv og miljørett måte i samsvar med nasjonal avfallspolitikk.*

### *§ 2.Virkeområde*

*Denne forskrifta gjeld **kjeldesortering, oppsamling, innsamling og transport av alle typar avfall og slam som kommunane sjølvpålagt, etter forureiningslova eller ved delegering frå overordna forureiningsmynde, er tillagt mynde over. Dette inkluderer farleg avfall frå hushaldningar og bedrifter dersom mengda ikkje overstig den grensa som til ei kvar tid gjeld i avfallsforskrifta.***

*Denne forskrifta omfattar alle registrerte grunneigedomar i Volda og Ørsta, inklusiv kvar enkelt seksjonerte del av bygning og kvar enkelt sjølvstendige brukseining i bygning. Også fritidseigedommar.*

*VØR avgjer i tvilstilfelle kva som reknast som sjølvstendig brukseining i bygning. VØR kan gi nærare retningsliner for gjennomføring av avgjerdene i forskrifta.*

Sitat slutt.

Slik det går fram av forskriftene, er Mål og virkeområdet til VØR: handtering av avfall som oppstår.

Reperasjon og gjenbruk av ei vare er ikkje avfall. Kjem ein med ein mobiltelefon til eit reparasjonsverkstad og vil ha skifta skjermen som er knust, er det kjøp av ei vare ( skjermen) og tenestekjøp (bytte av skjermen). Den utskifta skjermen er avfall.

Å passe på at regelverket vert følgt, er eit ansvar som ligg til styre og dagleg leiing i VØR. Og som revisjonen fører årleg kontroll med.

### *Oppsummert vilkår 2.*

Dagens forskrifter for renovasjon i Volda og Ørsta, gir ikkje høve til vere med å gebyrfinansiere ein gjenbruk og reparasjonssentral.

Dersom ein likevel finn å ville gå vidare med dette, ligg legalitet til å endre formålsparagrafen i forskriftene til kommunane, og skal utførast i tråd med forskriftsdelen i forvaltningslova.

Sidan ombruksverksemd ikkje er klart definert i forureiningslova som eit kommunalt ansvar, bør kommunane i ein slik prosess avklare med Statsforvaltar / Miljødirektorat om kvar grensa går for kommunens legalitet.

### **3.Andre vilkår – ressursar.**

Dersom det formelle lovgrunnlaget er på plass jfr. punkt 2 og ein ynskjer å sette i verk eit slikt tiltak, er det ei sak som ikkje er mogleg «å ta langs med».

Ein må vere merksam på at dette vil gi eit løft i gebyra som kjem i tillegg til anna kostnadsauke i tida. Tømmelfingeren er kr 125,- i auke pr. gebyr pr. million auka driftsbudsjett.

Utifrå samtalen med adm.dir i Sirkula IKS forstår eg det slik at vi bør ha ein tidshorisont på 2-5 år før det evt. er oppe å gå, og eit budsjett inklusiv prosjektleiar på i alle fall 2 mill. kr første året.

### **Sirkula og Resirkula.**

Sirkula IKS (Renovasjonsselskapet for Hamar, Løten, Ringsaker og Stange med totalt 83.000 innbyggjarar) har ein mykje vidare formålsparagraf enn VØR, som inkluderer tilrettelegging for ( men ikkje drift av) ombruk. Jfr. § 1. 2 ledd.

Sitat renovasjonsforskrifter for innbyggerne i Hamar, Løten, Ringsaker og Stange kommuner:

#### *§.1. Forskriftens formål*

*Forskriften har som formål å sikre at lovpålagte plikter i tilknytning til husholdningsavfall oppfylles med en miljøvennlig, kostnadseffektiv og helsemessig forsvarlig renovasjonsordning for innbyggerne i Hamar, Løten, Ringsaker og Stange kommuner.*

***Forskriften skal stimulere til lavest mulig avfallsproduksjon og hindre forsøpling, bl.a. ved å tilrettelegge for ombruk og materialgjenvinning.***

*Forskriften skal tilrettelegge for en best mulig ivaretagelse av kommunens mål og strategier slik disse er nedfelt i kommunens avfallsplan.*

Sitat slutt.

### **Resirkula.**

Sirkula IKS har bygt eit isolert industribygg på 800 kvm, i samband med at dei bygde ny gjenbruksstasjon. Her har dei samla Resirkula.

Resirkula er eit fellesskap av fem bedrifter kopla opp til eit mottak av varer som skal / kan reparerast. Mottaket er drive av ei arbeidsmarknadsbedrift på vegne av Sirkula IKS.

I dette førstemottaket vert det ei første gangs siling av varer som kan ha verdi som ombruksvarer. Den neste silinga blir mellom mottaket og ei av disse fem bedriftene som er organisert i Resirkula.

Gjenbruksbutikkane får overta artiklane som kan reparerast vederlagsfritt, men dersom dei ikkje får selt det vidare, må dei sjølve levere det vidare som næringsavfall og betale for det. Seleksjonen er såleis marknadsbasert, eller som adm. dir. Olsbye uttalar, det skal vere reell sirkulærøkonomi hos både mottaket som vert drive på vegne av Sirkula IKS og hos samarbeidspartane. Ikkje subsidiert sirkulærøkonomi. Det som ikkje har positiv marknadsverdi er avfall.


Dei fem ulike butikkane driv med sportsutstyr, elektronikk, retro, bonderomantikk, hage- livsstil/ bokhandel.

Dei fem ulike selskapa driv delvis med sal av nye varer og delvis reparerte varer. I tillegg er der ei arbeidsmarknadsbedrift tilsvarande Furene AS, som driv kafe og kantinen for Sirkula IKS, i tillegg til å drifte diverse møterom.

Leiga er subsidiert av Sirkula IKS i ei overgangsperiode på inn til tre år. Deretter skal utleige vere sjølvfinansierande.

Det er ikkje gitt offentleg stønad til verken innhald i eller bygg. Sirkula IKS er det som har finansiert tiltaket i samband med at dei har bygt ny gjenbruksstasjon ( miljøstasjon).

Grethe Olsbye, adm.dir hos Sirkula IKS, opplyser vidare at det tok fleire år med eigen prosjektleiar på heiltid, for å få konseptet opp å gå.



Petter Bjørdal  
Dagleg leiar



Illustrasjonsbilde fra Markane. (Foto: Steinar Engeland / Unsplash)

HRA vant i Eidsivating lagmannsrett

## Renovasjonsavgiften gjelder også for utleiehytter, bekrefter lagmannsretten

Avfall

Nyhet Skrevet av Nicolay Biørn-Lian og Håkon Andreas Riegels / 11. februar 2022

	Del på Twitter	Del på LinkedIn
Del på Facebook ( <a href="https://www.facebook.com/sharer.php?u=https://www.samfunnsbedriftene.no/aktuelt/advokattjenester/utleiehytter-er-omfattet-av-renovasjonsavgiften-bekrefter-lagmannsretten/">https://www.facebook.com/sharer.php?u=https://www.samfunnsbedriftene.no/aktuelt/advokattjenester/utleiehytter-er-omfattet-av-renovasjonsavgiften-bekrefter-lagmannsretten/</a> )	( <a href="https://twitter.com/share?url=https://www.samfunnsbedriftene.no/aktuelt/advokattjenester/utleiehytter-er-omfattet-av-renovasjonsavgiften-bekrefter-lagmannsretten/&amp;hashtag=ksbedrift">https://twitter.com/share?url=https://www.samfunnsbedriftene.no/aktuelt/advokattjenester/utleiehytter-er-omfattet-av-renovasjonsavgiften-bekrefter-lagmannsretten/&amp;hashtag=ksbedrift</a> )	( <a href="https://www.linkedin.com/shareArticle?mini=true&amp;url=https://www.samfunnsbedriftene.no/aktuelt/advokattjenester/utleiehytter-er-omfattet-av-renovasjonsavgiften-bekrefter-lagmannsretten/">https://www.linkedin.com/shareArticle?mini=true&amp;url=https://www.samfunnsbedriftene.no/aktuelt/advokattjenester/utleiehytter-er-omfattet-av-renovasjonsavgiften-bekrefter-lagmannsretten/</a> )

**I sin dom av 8. februar 2022 kom Eidsivating lagmannsrett til at avfallet fra tre utleiehytter i Gran kommune må anses som husholdningsavfall. Saksøker må derfor betale renovasjonsavgift.**

- Dette er en avklaring som er viktig for alle avfallsselskaper, sier advokat Håkon Andreas Riegels i Samfunnsbedriftene.

Skulle avfallet fra tre utleiehytter i Gran kommune regnes som næringsavfall eller husholdningsavfall? Det var stridsspørsmålet i saken mellom saksøkeren og Hadeland og Ringerike Avfallsselskap AS for tingretten og lagmannsretten.

Det var KS Advokatene som førte saken for retten på vegne av Hadeland og Ringerike Avfallsselskap AS. Men Samfunnsbedriftene bidro med et «innlegg til belysning av allmenne interesser» da saken gikk for lagmannsretten.

## Næringsavfall eller husholdningsavfall?

Hytteeiendommene ble leid ut som en del av utleiers næringsvirksomhet. Spørsmålet var om avfallet derfra er husholdningsavfall eller næringsavfall slik disse begrepene defineres i forurensningsloven. Hadeland og Ringerike Avfallsselskap AS mente det måtte anses som husholdningsavfall, og krevde at saksøker betalte renovasjonsgebyr.

Saksøker mente derimot at avfallet fra de tre utleiehyttene var næringsavfall. Selskapet var derfor ikke underlagt tvungen kommunal renovasjon, og skulle slippe renovasjonsgebyr.

I sakens første rettsrunde fikk saksøkeren medhold i Gjøvik tingrett. Retten viste til at kilden til avfallet er det avgjørende og ikke avfallets art. Og kilden til hyttenes avfall kom fra en aktivitet som var skatte- og avgiftspliktig. Derfor var avfallet «næringsavfall».

Tingretten fritok derfor saksøker fra kravet om å betale renovasjonsavgift for de tre hytteeiendommene. Hadeland og Ringerike Avfallsselskap AS anket dommen inn for lagmannsretten.

## Anses som husholdningsavfall

Da saken kom opp i Eidsivating lagmannsrett, ble resultatet motsatt. Avfallet fra de tre hytteeiendommene skal anses som «husholdningsavfall». Saksøker må derfor betale renovasjonsgebyr.

- Dersom dommen fra tingretten hadde blitt stående, ville kommunale renovasjonsselskap blitt stilt i en svært vanskelig situasjon, sier advokat Håkon Andreas Riegels i Samfunnsbedriftene.

- Tingrettens avgjørelse ville innebære at utleieobjekter i områder med tilrettelagt kommunal renovasjon ville måtte fritas fra renovasjonsgebyr dersom de ble leid ut som et ledd i utleiers næringsvirksomhet.

## En klargjørende dom

- Samfunnsbedriftene mener dommen er klargjørende på den måten at den slår fast at det ikke er avgjørende for kategoriseringen av avfallet at eiendommene leies ut som del av næringsdrift.

Riegels peker også på at domstolen uttaler dette klart:

«Også avfall fra utleide boenheter – både utleiehytter, -leiligheter og -eneboliger – faller klart nok innenfor lovens definisjon av husholdningsavfall. Avfall fra slike boenheter skifter ikke karakter av husholdningsavfall ved at boenhetene avfallet stammer fra, er utleid og at eier derfor kan ha en økonomisk gevinst – eventuelt som del av næringsvirksomhet – av utleieforholdet. Lagmannsretten legger derfor ikke avgjørende vekt på at Lygnasæter hotell sto som formell utleier av hyttene.»

Selve dommen finner du i faktaboksen oppe til høyre.



2022/217



**GEMINOR**

Postboks 93  
Helganesvegen 41  
NO-4299 Avaldsnes

T: +47 52 85 62 75  
F: +47 52 85 62 78

post@geminor.no  
[www.geminor.no](http://www.geminor.no)

Org nr: 970 902 341

Avaldsnes, 2/18/2022

Til:

Alle Kunder Geminor Norge

### **Til alle kunder - EU mobilitetspakke**

Geminor jobber med svært mange logistikkpartnere for å løse alle små og store avfallstransporter i Norge og hele Europa. EUs nye mobilitetspakke vil endre rammevilkårene for det meste av transportnæringen, også store deler av logistikken vi utfører for Dere som kunde. Et av målene er å bedre arbeidsforhold og vilkår for de som jobber bak rattet hver dag, hele året. Dette er selvsagt noe vi alle støtter!

Samferdselsdepartementet har nå varslet at regelendringene vil bli implementert i Norge i størst mulig grad samtidig som i EU som er Feb 2022.

Det vi, og transportbransjen, ikke har oversikt over på nåværende tidspunkt er rutineendringer og kostnadene denne innføringen medfører. At dette pålegget vil medføre økte kostnader for oss og dere som kunder er det ikke tvil om.

Geminor er i dialog med alle transportører og vil etter hvert komme tilbake til -hva og om, dette kommer til å utgjøre i prisøkning for de enkelte prosjekter og transportoppdrag.

Ta gjerne kontakt med din kontaktperson i Geminor om de skulle være noe spørsmål.

Med hilsen  
Geminor NO

Kjetil Hausken,  
Country Manager Geminor Norge



Kilde: NOH Logistikk og Transport, Regjeringen.no

*Allerede implementert i EU:*

- *Krav til overnattingsfasiliteter ved regulær ukehvil (45 timer) for arbeidsgivers regning.*
- *Tillatt med to reduserte ukehvil etter hverandre (internasjonalt) – kompensasjon innen 3. uke.*
- *Hjemreise for sjåfør hver 4. uke.*
- *Daglig og ukentlig kjøretid kan økes med inntil en time for å rekke hjem for døgn- eller ukehvil.*

*Planlagt implementert i EU: (Fra februar/mars 2022)*

- *Retur av kjøretøy til registreringsland senest hver 8. uke.*
- *Dagens kabotasje-regler strammes inn, bl.a. ved innføring av en «avkjølingsperiode» på fire dager og strengere dokumentasjonskrav.*
- *Pålegg om manuell registrering av grensepassering for alle sjåfører i internasjonal transport.*



## Petter Bjørdal

---

**Frå:** Ståle Gulestøl <stale.gulestol@geminor.no>  
**Send:** fredag 11. mars 2022 19:07  
**Emne:** gemino-lette-til-alle-kunder-eu

Hei,

Dagens situasjon i Europa er veldig utfordrende og usikker for mange mennesker, bedrifter og markeder. Fritt fall i valuta markeder, krig, endrede rammebetingelser og svært usikre energipriser.

Vi har flere sjåførere hos våre samarbeidspartnere som er kalt hjem til Ukraina for militærtjeneste, noe som gir det hele et helt annet alvorlighetsbilde.

Logistikkbransjen har flere utfordringer som kommer oppå hverandre nå.

- EUs mobilitet pakke som brått ble innført i februar, bedrer sjåførens rettigheter men gir store og uoversiktlige ekstra kostnader nå
- Olje og drivstoffpriser
- Sjåførmangel i Europa
- Krigen mellom Russland og Ukraina

Innenlands transportører har fra før etablert systemer for minstelønn etc men blir rammet av ekstraordinære kostnader på samme måte.

Pr. i dag har vi fått varslet ekstraordinære pristillegg fra hele transportnæring i større eller mindre grad som gjør at vi kan måtte øke våre priser ut til kunde igjen.

Hvor mye dette utgjør i de enkelte prosjekter og kontrakter vet vi ikke enda. Transportørene jobber på spreng for å kartlegge disse ekstraordinære kostnadene og hvordan EUs mobilitetspakke vil påvirke priser og produksjonen.

Vi kommer tilbake når vi etterhvert får tilbakemelding fra de forskjellige transportørene.

Kontakt oss gjerne om dere har spørsmål.

Mvh  
Geminor AS



sjå adresseliste

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		2022/4344 - 38294/2022	Ingeborg Simonsen,	10.03.2022

## Invitasjon til medverknad til fylkesstrategi for miljø, klima og energi [FS MKE]

Fylkesutvalet vedtok 28. februar 2022 å starte opp arbeidet med ny fylkesstrategi for miljø, klima og energi [FS MKE]. Vi ønskjer med dette brevet å informere om arbeidet med strategien. [Oppstartsmeldinga](#) finn de på fylkeskommunen sin politiske møtekalender.

Fylkesstrategien er ein del av fylkeskommunen sitt planverk. Fylkesstrategi for miljø, klima og energi er tenkt å skulle gi ein tydeleg og føreseieleg regional politikk innan miljø, klima og energi, der ei rekkje ulike omsyn er drøfta og vekta. Ein fylkesstrategi skal svare ut relevante langsiktige utviklingsmål frå regional planstrategi og relevante fylkesplanmål.

Planverket i fylket finn de her: <https://mrfylke.no/om-oss/planar-planarbeid-og-hoevringar>  
Her finn de fylkesplanen: <https://mrfylke.no/content/download/14665/176423?version=1>

### **Førebels er satsingsområda definert slik:**

**BEREKRAFTIG PLANLEGGING** – heilskapleg forvaltning av verdiar og ruste oss for framtida

- Arealplanlegging og forvaltning av naturressursar, landskap, kulturminne og kulturmiljø
- Areal- og naturrekneskap
- Mål om arealnøytralitet
- Forvaltning av bygg og infrastruktur
- Transport og mobilitet
- Folkehelse
- Klimatilpassing og beredskap

**GRØN OMSTILLING** – redusere klimagassutsleppa

- Berekraftig næringsutvikling
- Sirkulær økonomi, forbruk og avfall
- Matproduksjon og -konsum
- Energiforsyning, produksjon og bruk av energi

**NATURMANGFALD** – oppretthalde velfungerande økosystem på land og i sjø

- Naturmangfald og biologisk mangfald
- Økosystem i god økologisk tilstand – bevare og restaurere
- Forureining

**KOMMUNIKASJON, KOMPETANSE OG KUNNSKAP** – skape engasjement og deltaking

- Auke kompetansen, involvere, bevisstgjere og engasjere til handling
- Insentiv og verkemiddel (m.a. offentlege innkjøp)
- Kunnskapsutvikling

### **Kunnskapsgrunnlag**

Vi vil gjerne ha innspel til kunnskapsgrunnlag de meiner strategien bør ta omsyn til. Lenker til kunnskapsgrunnlag kan sendast på e-post til [ingeborg.simonsen@mrfylke.no](mailto:ingeborg.simonsen@mrfylke.no), seinast 31 .mars 2022.

### **Medverknad**

I arbeidet med ny fylkesstrategi for miljø, klima og energi vert det også behov for medverknad. Vi vil mellom anna nytte klimanettverka i fylket og andre samarbeidsforum som fylkeskommunen har etablert. Det vil bli oppretta ei referansegruppe kor nokre aktørar vert invitert inn. I tillegg vil vi invitere inn til workshops eller liknande for å få til brei medverknad. Desse prosessane er planlagt at skal føregå i april-mai 2022. Nærare informasjon vil komme. Ta gjerne kontakt om de har innspel til korleis de ønsker å medverke.

### **Framdrift**

Første ukast til strategien er planlagt ferdig i september 2022, det betyr at hovudtyngda av medverknad vil skje i første halvår av 2022. Offentleg høyring er planlagt til årskiftet 2022/2023.

Ta gjerne kontakt om du har spørsmål eller innspel til arbeidet med Fylkesstrategi for miljø, klima og energi!

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm  
Fylkesplansjef  
[Ingunn.bekken.sjaholm@mrfylke.no](mailto:Ingunn.bekken.sjaholm@mrfylke.no)  
Tlf: 71 28 02 46/ 907 46 923

Ingeborg Simonsen  
Klima- og miljøkoordinator  
[Ingeborg.simonsen@mrfylke.no](mailto:Ingeborg.simonsen@mrfylke.no)  
Tlf: 71 28 05 72/454 38 338

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

## **Særutskrift sak 17-22 Nytt slagord for VØR som inkludera klimaperspektivet**

Saka vart handsama i styret i møte den 29 mars der det var gjort slikt vedtak:

Vedtak ( 5 røysteføre)

VØR sitt slagord vert vidareført inntil vidare.

Handsaminga:

Samrøystes etter drøfting i styret. Det kom inn tre forslag som i saksgangen vart trekt:

Hallvard Bjørneset: Sortert avfall gir verdi for framtida.

Henriette Hafsaas: Sorter avfall for klima og natur !

Anne Ellingsen: På lag med framtida.

Tilråding til vedtak:

1. Representantskapet vedtek slikt nytt slagord for VØR: .....
2. Dagleg leiar vert beden om å oppdatere alle relevante styringsdokument med det nye slagordet.

## **Saksutgreiing**

### **Bakgrunn**

Saka var handsama første gang i møte 8 februar, og utsett til møte 29 mars, med mål om å kome med tilråding til representantskapet.

Ved behandling av Strategiplan 2021-2024 i september 2020 vedtok representantskapet strategiplanen med handlingsplanen for perioden med blant anna eit endringspunkt om nytt slagord. Vedtaket seier slik i punkt 1 «*Til neste utarbeiding av strategiplan (2022-25), blir administrasjonen beden om å igangsette ein prosess for vurdering av ny visjon og nytt slagord, der m.a. klimaperspektivet må inn*».

I prioriteringa mellom saker, bad styret om å få sak om slagord i forkant av rullering av strategiplan 2023-2026.

### **Kva er eit slagord?**

Ein visjon er definert som «eit bilde av den framtida vi søker å skape», medan eit slagord skal kort og slåande seie noko vesentleg om organisasjonen. Visjonen til VØR er «*Eit ressursenter for avfall, med kunnskap og tenester for privat abonnentar og næringsliv*», medan slagordet er «*Sortert avfall gir verdi*».

Ofte ser ein at det er ein klar samanheng og raud tråd mellom visjon og slagord til bedrifter, også i avfallsbransjen. Dette bør ein også ha i VØR.

Det ligg vidare eit krav i representantskapet sin bestilling, at klima skal vere inkludert i slagordet.

## Kva slagord og visjonar har andre selskap?

Nedanfor er ei oversikt over kva slagord som vert nytta i bransjen, og der ser vi slagord som er typiske for « materialgjenvinnings budskapen», men som ikkje dekker klima. Unntak er der likevel, til dømes Renovasjonsselskapet for Grenlandsregionen. ( RIG) « En friskere klode» Eit slagord som dekker både materialgjenvinnings- og klima-perspektivet.

Det er ikkje alle selskap som har synlege strategiplanar på nettsidene, men nedanfor finn de eit utval både av lokale og nasjonale selskap.

Selskap	Slagord	Visjon
ÅRIM	La oss gjenvinne meir!	
SSR	Verdiskapande og løysingsorientert	Med kunnskap og erfaring skal selskapet drive effektivt, framtidsretta og verdiskapande miljøarbeid i regionen, der kvalitet og kostnadar harmonerar.
ReMidt	ReMidt – ditt miljøelskap	Bra på kort sikt, avgjørande på lang sikt – sammen om framtidens avfallsløsninger
RIG	En friskere klode	Smarte løsninger for et grønt Grenland
ROAF	Fire kjerneverdier: Miljøansvar, engasjement, service og tillit	ROAF skal sammen med våre innbyggere gi avfallet nytt liv, gjennom en sirkulærøkonomisk forretningsmodell.  Gjennom miljøsmarte valg, sørger ROAF for en bærekraftig fremtid for kommende generasjoner.
BIR	Vestlendingens egen miljøbedrift  En miljøbedrift som viser vei	BIR skal være vestlendingenes egen miljøbedrift. Vi skal være et moderne og tillitsvekkende selskap. Dette danner grunnlaget for konsernets videre utvikling.

## Klimaperspektivet inn i slagordet

Ved å endre slagordet til VØR bør ein ta innover seg at den sirkulærøkonomiske tankegangen er sentral i norsk og internasjonal avfallspolitikk.

Ressursane som vi hentar inn frå våre innbyggjarar må vere ein del av den sirkulære økonomien, der ein beheld mest mogleg av ressursane i kretsloopet gjennom auka ombruk og materialgjenvinning av avfallet.

FN sine 17 verdensmål for ei berekraftig utvikling fram mot 2030 er også sentral saman med klimamåla om utsleppskutt som er nedfelt i Parisavtalen.

### **Proessen vidare**

Administrasjonen ser på endring av slagord og visjon som politikk. Endring av eit slagord og/eller visjon går ut på å styre VØR i ei viss retning og utvikling. Administrasjonen ser det difor som naturleg at representantskapet i tråd med vedtektene, fastsetter slagordet, og så skal vi implementere det.



Petter Bjørdal  
Dagleg leiar

Anne Mette Farstad  
kommunikasjonsleiar